



Møteinnkalling

Utval:	Bømlo kommune, Kontrollutvalet
Møtestad:	Rådhuset, Viefluno
Dato:	01.12.2022
Tid:	10:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og melde forfall, vert dei bedne om å gjera dette så tidleg som råd er, ved å ringa til Helge Inge Johansen tlf. 402 03 664 eller til Hogne Haktorson tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Ragnhild Ravna Skjærvik
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
seniorrådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Kommunedirektør/Rådmann

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 7/22	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 8/22	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 29.09.2022	033	
	Politiske saker		
PS 32/22	Forvaltningsrevisjon - Tidleg innsats i tenester for barn og unge med særleg behov - statusrapportering	217	
PS 33/22	Bestilling av forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll	217	
PS 34/22	Kommunaløkonomisk berekraft i Bømlo kommune	219	
PS 35/22	Deloitte presenterer interimrevisjonsrapport for 2022	216	
PS 36/22	Kurs i regi av Deloitte 2023	085	
PS 37/22	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval	033	
PS 38/22	Eventuelt	033	
	Referat saker		
RS 9/22	VS: FKT -info Oktober 2022	073	
RS 10/22	NKRF sin kontrollutvalskonferanse 2023	085	

GK 7/22 Godkjenning av innkalling og sakliste



Saksframlegg

Saksnr: 2022/68-7
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Bømlo kommune, Kontrollutvalet	8/22	01.12.2022

Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 29.09.2022

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 29.09.2022 er vedlagt saka.



Møteprotokoll

Utval:	Kontrollutvalet
Møtestad:	Rådhuset, Formannskapssalen
Dato:	29.09.2022
Tid:	10:00 - 12:00

Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ragnhild Ravna Skjærvik	Leder	AP
Vegard Enerstvedt	Nestleder	H
Silje Sivertsen	Medlem	V
Arne Zahl Røksund	Medlem	SV

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Anfinn G. Tolås	Medlem	KRF

Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Per Ole Fylkesnes	Anfinn G. Tolås	KRF

Andre som møtte:

Sammy Olsen	Ordfører
June Stavland	Juridisk seniorrådgjevar
Inger Johanne Solberg	Rekneskapsrevisor, Deloitte
Annbjörg Ryssdal	Forvaltningsrevisor, Deloitte, TEAMS (PS 25/22, 26/22 og 27/22)
Helge Inge Johansen	Spesialrådgjevar, Vestland fylkeskommune

Ragnhild Ravna Skjærvik
utvalsleiar

Helge Inge Johansen
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 5/22	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 6/22	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 19.05.2022	033	
	Politiske saker		
PS 20/22	Rekneskapsrevisjon - oppfølging av revisjonsrapport nr. 26 - orientering frå kommunedirektør	216	
PS 21/22	Forvaltningsrevisjon - Styring av investeringsprosjekt - oppfølging av handlingsplan	217	
PS 22/22	Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen	033	
PS 23/22	Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve Bømlo kommune	216	
PS 24/22	Revisjonsplan og risikovurdering i samband med etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga i 2022	216	
PS 25/22	Forvaltningsrevisjon - Tidleg innsats i tenester for barn og unge med særleg behov - statusrapportering	217	
PS 26/22	Rullering av plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024	217	
PS 27/22	Rullering av plan for eigarskapskontroll 2020 - 2024		
PS 28/22	Behandling av henvendingar til kontrollutvalet	219	
PS 29/22	Budsjett 2023 for kontrollutvalet	151	
PS 30/22	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval	033	
PS 31/22	Eventuelt	033	
	Referat saker		
RS 7/22	SV: Forespørsel om forlengelse av avtalen om levering sekretariatstjenester for 5 kommunale kontrollutvalg i Sunnhordland	601	
RS 8/22	VS: Nytt fra FKT	073	

Godkjenningssaker

GK 5/22 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 29.09.2022 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det var ingen merknad til innkalling og sakliste.

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

GK 6/22 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 19.05.2022

Saksprotokoll 29.09.2022 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det var ingen merknader til møteprotokoll frå møte 19.05.2022.

Vedtak

Møteprotokoll frå møte 19.05.2022 vart godkjent.

PS 20/22 Rekneskapsrevisjon - oppfølging av revisjonsrapport nr. 26 - orientering frå kommunedirektør

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll 29.09.2022 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

June Stavland (juridisk seniorrådgjevar) orienterte kort gjeldande oppfølging av revisjonsrapporten.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

PS 21/22 Forvaltningsrevisjon - Styring av investeringsprosjekt - oppfølging av handlingsplan

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet takker for det forbetningsarbeidet som er lagt ned etter denne forvaltningsrevisjonen og vel å lukke saka.

Saksprotokoll 29.09.2022 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Vurdering av habiliteten til Vegard Enerstvedt – etter forvaltningslova § 6, 1. og 2. ledd.

Før kontrollutvalet handsama oppfølging av handlingsplanen etter forvaltningsrevisjonsrapporten diskuterte ein habiliteten til Vegard Enerstvedt, grunna at mor hans er kommunalsjef for samfunnsutvikling, der ho er øverste leiar for dette tenesteområde, som saka omhandler.

Kontrollutvalet vart einige om at han var inhabil til å handsame saka. Vegard Enerstvedt var etter dette ikkje med i handsaminga av denne saka.

Det vart orientert kort om status på handlingsplanen og kontrollutvalet vart einig om å lukke saka.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet takker for det forbetningsarbeidet som er lagt ned etter denne forvaltningsrevisjonen og vel å lukke saka.

PS 22/22 Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen

Forslag til vedtak

Informasjonen vart teken til orientering

Saksprotokoll 29.09.2022 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

June Stavland (juridisk seniorrådgjevar) orienterte på vegner av kommunedirektør om nytt frå kommunen. Det vart mellom anna orientert om dette:

- HMS og sjukefråvær - er høgt men viser ein nedgang frå i vår
- Institusjonsplasser i balanse - ingen på venteliste
- 58 nye flyktingar er kome til kommunen
- vekst i skatteinntektene
- Høge Covid kostnader - usikkert når refusjon kjem frå staten

- Utfordrande budsjettsituasjon - budsjett for 2023 vil bli stramt
- Bømlopakken
- Moster Amfi og Moster 2024

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke

Vedtak

Informasjonen vart teken til orientering

PS 23/22 Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve Bømlo kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå ansvarleg revisor Else Holst-Larsen, vedrørande om Deloitte AS er uavhengig i høve Bømlo kommune, til etterretning.

Saksprotokoll 29.09.2022 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram anna informasjon enn det som kjem fram av saksframlegget..

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå ansvarleg revisor Else Holst-Larsen, vedrørande om Deloitte AS er uavhengig i høve Bømlo kommune, til etterretning.

PS 24/22 Revisjonsplan og risikovurdering i samband med etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga i 2022

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek Deloitte sin presentasjon av revisjonsplan og risikovurdering i samband med forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga til orientering.
2. Utvalet ber om at interimrevisjonsrapport 2022 vert klar til behandling i møte i kontrollutvalet 01.12.2022 med frist for levering til sekretariatet 10.11.2022.
3. Kontrollutvalet ber også om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møtet som årsrekneskapen for 2022 skal behandlast, normalt i mai-møtet 2023, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.

Saksprotokoll 29.09.2022 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Rekneskapsrevisor Inger Johanne Solberg orienterte om revisjonsplan og risikovurdering for kontrollutvalet og svarte på spørsmål.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tek Deloitte sin presentasjon av revisjonsplan og risikovurdering i samband med forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga til orientering.
2. Utvalet ber om at interimrevisjonsrapport 2022 vert klar til behandling i møte i kontrollutvalet 01.12.2022 med frist for levering til sekretariatet 10.11.2022.
3. Kontrollutvalet ber også om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møtet som årsrekneskapan for 2022 skal behandlast, normalt i mai-møtet 2023, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.

PS 25/22 Forvaltningsrevisjon - Tidleg innsats i tenester for barn og unge med særleg behov - statusrapportering

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering

Saksprotokoll 29.09.2022 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forvaltningsrevisor Annbjørg Ryssdal orienterte om status på arbeidet med forvaltningsrevisjonen, og at ein er i gang med datainnsamling og kvalitetssikring.

Arbeidet er i rute.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtekte

Vedtak

Informasjonen vert teken til orientering

PS 26/22 Rullering av plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet vil i 2022 gjennomføre ei rullering av gjeldande plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024.
2. Kontrollutvalet ber sekretariatet førebu ei sak der kontrollutvalet, sekretariatet og revisor diskuterer eventuelle endringar i risikobiletet for Bømlo kommune, som kan resultere i endringar i plan for forvaltningsrevisjon.

Saksprotokoll 29.09.2022 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kontrollutvalet, revisor og sekretær diskuterte saka gjeldande rullering av gjeldande plan for forvaltningsrevisjon.

Kontrollutvalet vart einig i å ikkje gjennomføra rullering og at planen vert vidareført slik den ligg føre.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet vedtek at gjeldande plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 vert vidareført slik den ligg føre.

PS 27/22 Rullering av plan for eigarskapskontroll 2020 - 2024

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet vedtek at gjeldande plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024 vert vidareført slik den ligg føre.

Saksprotokoll 29.09.2022 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det vart orientert kort om saka. Kontrollutvalet var einig i at gjeldande plan vert vidareført slik den ligg føre.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet vedtek at gjeldande plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024 vert vidareført slik den ligg føre.

PS 28/22 Behandling av henvendingar til kontrollutvalet

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek rettleiaren om behandling av henvendingar frå FKT til etterretning
2. Kontrollutvalet vedtek vedlagde retningsliner for handtering av henvendingar til kontrollutvalet i Bømlo kommune med dei endringar som kom fram i møtet

Saksprotokoll 29.09.2022 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det vart orienterte kort om saka gjeldande forslag til nye retningsliner gjeldande handsaming av henvendingar til kontrollutvalet.

Kontrollutvalet var godt nøgd med at det vert innført retningsliner.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tek rettleiaren om behandling av henvendingar frå FKT til etterretning
2. Kontrollutvalet vedtek vedlagde retningsliner for handtering av henvendingar til kontrollutvalet i Bømlo kommune.

PS 29/22 Budsjett 2023 for kontrollutvalet

Forslag til innstilling

1. Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget for kontrollarbeidet i Bømlo kommune.
2. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeidet fram til handsaming i kommunestyret.
3. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2023.

Saksprotokoll 29.09.2022 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det vart orientert kort om budsjettforslaget slik det ligg føre i saka.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget for kontrollarbeidet i Bømlo kommune.
2. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeidet fram til handsaming i kommunestyret.
3. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2023.

PS 30/22 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

Saksprotokoll 29.09.2022 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Møteprotokollane vart gjennomgått.

Møte i Kommunestyret 26.09 er ikkje ferdig. Ta med i saka til neste møte i kontrollutvalet.

Møte i Næring, innovasjon, idrett og kultur 06.09, vart avlyst.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga, med unntak av protokoll frå møta i Kommunestyret 26.09 og Næring, innovasjon, idrett og kultur 06.09, til orientering.

PS 31/22 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vart lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 29.09.2022 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Henvending til kontrollutvalet

Nestleiar Vegard Enerstvedt har motteke nokre henvendingar, Desse vert handsama i neste møte i kontrollutvalet.

Kurs for kontrollutvalet.

Kontrollutvalet ønsker sak om bestilling av kurs frå Deloitte som sak til neste møte.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Henvendingar nestleiar Vegard Enerstvedt har motteke, vert handsama i desembermøtet.
2. Kontrollutvalet ber om at det til desembermøtet vert satt opp ei sak om bestilling av kurs for kontrollutvalet, frå Deloitte AS

RS 7/22 SV: Forespørsel om forlengelse av avtalen om levering sekretariatstjenester for 5 kommunale kontrollutvalg i Sunnhordland

Saksprotokoll 29.09.2022 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt i referatsaka.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 8/22 VS: Nytt fra FKT

Saksprotokoll 29.09.2022 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt i referatsaka.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering



Saksframlegg

Saksnr: 2022/163-7
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Bømlo kommune, Kontrollutvalet	32/22	01.12.2022

Forvaltningsrevisjon - Tidleg innsats i tenester for barn og unge med særleg behov - statusrapportering

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering

Ny frist for å levera ferdig rapport til sekretariatet vert sett til _____

Samandrag

Kontrollutvalet bestilte prosjektet i møte 10.02.2022 og i septembermøtet fekk kontrollutvalet ei statusrapportering. I dette møte skal Deloitte gje ei ny statusrapportering. Prosjektet er forseinka grunna sjukdom i prosjektteamet. Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i saka vert det tilrådd at kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet bestilte forvaltningsrevisjon innan tidleg innsats i tenester for barn og unge med særleg behov i møte 10.02.2022 (PS 7/22), der det vart gjort slikt vedtak:

«Vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføra forvaltningsrevisjon innan tidleg innsats i tenester for barn og unge med særleg behov.
2. Kontrollutvalet godkjenner samla timetal, inkl. opsjon, i forslag til prosjektplan.
3. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapporten er ferdig innan 31.10.2022, verifisert og inkludert kommunedirektør sin uttale»

Av prosjektplanen går det fram at føremålet med forvaltningsrevisjonen er:

Føremålet med prosjektet vil vere å undersøkje om Bømlo kommune har etablert eit systematisk og planmessig arbeid for å sikre tidleg innsats i tenester for barn og unge med særleg behov, og om kommunen har ei føremålstenleg organisering av det førebyggjande arbeidet overfor utsette barn og unge. Vidare vil det vere eit føremål å undersøkje om kommunen har etablert eit tilfredsstillande system for å sikre at samarbeid og samordning mellom ulike kommunale tenester er i samsvar med regelverket.

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:

- 1) I kva grad har Bømlo kommune etablert eit heilskapleg, systematisk og planmessig arbeid for tidleg innsats for barn og unge med særlege behov? Under dette:
 - a) Har Bømlo kommune etablert tilstrekkeleg mål og planar for førebyggjande arbeid for barn og unge med særlege behov?
 - b) I kva grad har Bømlo kommune sikra at relevante tenester har nødvendig kompetanse til å avdekke barn med særleg behov knytt til t.d. omsorgssvikt, åtferdsproblem, psykisk helse og/eller rusutfordringar eller lærevanskar?
 - c) I kva grad er det tilgang til føremålstenlege lågterskel-hjelpetiltak for utsette barn, unge og deira familiar i Bømlo kommune?
- 2) Har Bømlo kommune ei føremålstenleg organisering av tenestetilbodet med tanke på å sikre eit heilskapleg og godt koordinert tilbod til barn og unge med særleg behov? Under dette:
 - a) Er oppgåver og ansvar knytt til førebyggjande arbeid blant barn og unge tydeleg fordelt?
 - b) I kva grad er det etablert rutinar som skildrar ulike tenester sitt og arbeid med:
 - i) å avdekke forhold som kan indikere behov for førebyggjande tiltak retta mot barn og unge (t.d. omsorgssvikt, åtferdsproblem, psykisk helse- og/eller rusutfordringar eller lærevanskar)?
 - ii) å handle på bakgrunn av ei bekymring for barn og unge?
 - iii) å drøfte tiltak med/involvere andre relevante tenester?
 - c) Er samhandlinga mellom kommunale einingar tilstrekkeleg for å sikre eit heilskapleg og godt koordinert førebyggjande arbeid for barn med særlege behov)?
 - d) I kva grad har førebyggjande arbeid retta mot barn og unge med særlege behov blitt påverka av covid-19 pandemien?
- 3) I kva grad har kommunen etablert system for å sikre at samarbeid og samordning mellom kommunale tenester er i samsvar med regelverket?
 - a) Er det etablert tilstrekkelege samarbeidsstrukturar og tverrsektorielle møteplassar mellom dei ulike velferdstenestene og mellom velferdstenestene og andre aktuelle

tenester eller aktører (t.d. kultur og fritidstilbud) som arbeider opp mot barn og unge i kommunen?

- b) Er det etablert system for melding om avvik/manglar i samhandlinga og for oppfølging av slike avvik/manglar?

Metode

Deloitte utfører forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001). Alle prosjekt blir kvalitetssikra i samsvar med krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM).

Deloitte vil nytta dokumentanalyse, intervju, spørjeundersøking, analyse av statistikk og verifisering/høyring som metode.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse for å gjennomføre forvaltningsrevisjonen. Når revisjonsrapport er levert og behandla i kontrollutvalet, skal utvalet innstille til kommunestyret, som gjer vedtak, jf. kommunelova § 23-3.

Vurderingar og verknader

Kontrollutvalet fekk ei slik statusrapportering i møte 29.09.2022 (PS 25/22):

«Forvaltningsrevisor Annbjørg Ryssdal orienterte om status på arbeidet med forvaltningsrevisjonen, og at ein er i gang med datainnsamling og kvalitetssikring.

Arbeidet er i rute.»

I epost frå Deloitte 10.11.2022 kjem det fram slik informasjon:

«Status for dette prosjektet er at det er langvarig sjukemelding i prosjektteamet, og at vi derfor dessverre ligg bak plan når det gjeld framdrift.

Vi har behov for utsetting av frist, og ser per i dag at tidlegaste moglege levering vil vere utgangen av januar 2023.

Eg er sett inn som ny prosjektleiar for prosjektet, og vil også stille på neste kontrollutvalsmøte i Bømlo for å presentere løypemelding og svare på eventuelle spørsmål.»

Etter bestillinga frå kontrollutvalet skulle rapporten vere ferdig innan 31.10.2022. Tidlegast moglege levering vert no utgangen av januar 2023. Om den vert levert innan utgangen av januar 2023 kan kontrollutvalet handsama denne i første møte i 2023.

Konklusjon

Om det ikkje kjem fram anna informasjon i møtet, vert tilrådd å ta informasjonen til orientering.

Dessutan bør det settast ny dato i møtet, med frist for når rapport skal sendast over til sekretariatet



Saksframlegg

Saksnr: 2022/60-2
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Bømlo kommune, Kontrollutvalet	33/22	01.12.2022

Bestilling av forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll innan.....
2. Utvalet ber Deloitte utarbeida forslag til prosjektplan i tråd med dei føringane utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Utvalet ber Deloitte levere forslag til prosjektplan til sekretariatet seinast 15.01.2023, slik at kontrollutvalet kan handsama prosjektplanen i første møte i 2023.

Samandrag

Etter bestilling frå kontrollutvalet er det gjennomført to forvaltningsrevisjonar, innan Styring av investeringsprosjekt og tidleg innsats i tenester for barn og unge med særlege behov. I dette møtet skal kontrollutvalet bestille nytt prosjekt etter gjeldande plan for forvaltningsrevisjon eller etter plan for eigarskapskontroll.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunestyret handsama overordna plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i møte 28.09.2020. Dette er dei prioriterte prosjekta i dei to overordna planane:

Prioriterte prosjekt i plan for forvaltningsrevisjon

Nr.	Prosjekt	Tema
1	Styring av investeringsprosjekt	<ul style="list-style-type: none"> Inngåing av avtalar Kontrakt- og leverandøroppfølging Budsjettering Rapportering
2	Tidleg innsats i tenester for barn og unge med særlege behov	<ul style="list-style-type: none"> Samarbeid på tvers av einingar/tenesteområde Bruk av system og rutinar for samhandling/tidleg innsats Samhandling med barnhagar Førebyggjande arbeid Kapasitet og kompetanse Iverksetting av tiltak for barn og unge med særlege behov Kommunen sine tenester til barn med særlege behov under handteringa av COVID-19
3	Handtering av vald og trugslar mot tilsette i kommunen	<ul style="list-style-type: none"> Rutinar og retningslinjer for rapportering og melding av avvik Rutinar og retningslinjer for oppfølging av vald og trugslar Kompetanse og opplæring
4	Bemanning og sjukefråvær	<ul style="list-style-type: none"> System og rutinar for personalforvaltning Sjukefråværsoppfølging i samsvar med krav i lov og regelverk
5	Byggesakshandsaming	<ul style="list-style-type: none"> System og rutinar for byggesakshandsaming Regeletterleving
6	Psykisk helse og rusteneste	<ul style="list-style-type: none"> Kapasitet og kompetanse Retningslinjer for drift av Basen arbeids- og aktivitetssenter Regeletterleving Samhandling

Prioriterte prosjekt i plan for eigarskapskontroll

Nr.	Prosjekt	Tema
1	Eigarskapskontroll av Bømlo kommunale eigedomsselskap AS	<ul style="list-style-type: none"> Økonomi og drift System og rutinar for oppfølging av eigarskapet Val og opplæring av styrerepresentantar Rapportering til kommunen
2	Eigarskapskontroll av Bømlo vatn og avløpselskap AS	<ul style="list-style-type: none"> Økonomi og drift System og rutinar for oppfølging av eigarskapet Val og opplæring av styrerepresentantar Rapportering til kommunen
3	Eigarskapsforvaltning (overordna)	<ul style="list-style-type: none"> System og rutinar for oppfølging av eigarskapa <ul style="list-style-type: none"> Eigarmelding Eigarstrategi Eigaroppfølging Rutinar for val av styrerepresentantar Opplæring av styrerepresentantar Rapportering til kommunen

4	Eigarskapskontroll av Moster Amfi- og kyrkjehistoriske senter AS	<ul style="list-style-type: none"> • Økonomi og drift • System og rutinar for oppfølging av eigarskapet • Val og opplæring av styrerepresentantar • Rapportering til kommunen
5	Eigarskapskontroll av Kriesesenter Vest IKS	<ul style="list-style-type: none"> • System og rutinar for oppfølging av eigarskap • Val og opplæring av styrerepresentantar • Rapportering til kommunestyret • Økonomi og drift • Samhandling med kommunen sine tenester for dei same brukarane
6	Eigarskapskontroll av Sunnhordland interkommunale legevakt IKS	<ul style="list-style-type: none"> • System og rutinar for oppfølging av eigarskap • Val og opplæring av styrerepresentantar • Rapportering til kommunen • Økonomi og drift
7	Eigarskapskontroll av Sunnhordaland Interkommunale Miljøverk IKS	<ul style="list-style-type: none"> • System og rutinar for oppfølging av eigarskap • Val og opplæring av styrerepresentantar • Rapportering til kommunen • Økonomi og drift

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har ansvar for å gjennomføre slike revisjonar. Det er likevel kommunestyret som har avgjerdsmynde i saka, etter innstilling frå kontrollutvalet, når revisjonsrapport ligg føre, jf. kommunelova §§ 23–3 og 23–4

Vurderingar og verknader

Det er etter gjeldande plan bestilt to prosjekt: Forvaltningsrevisjon innan styring av investeringsprosjekt og tidleg innsats i tenester for barn og unge med særlege behov. I dette møtet skal kontrollutvalet bestille nytt prosjekt etter gjeldande plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Når kontrollutvalet har avgjort kva prosjekt dei vil bestille, bør dei formulera eit føremål med prosjektet. Vidare bør utvalet definera og avgrense prosjektet nærare, t.d. ved å formulere problemstillingar/moment som ein vil at revisor skal finne svar på.

Det vil vere naturleg å be revisor utarbeide ein prosjektplan ut frå dei signal som vert gjeve av kontrollutvalet i dette møte.

Kontrollutvalet kan be om ein prosjektplan til behandling til første møte i kontrollutvalet i 2023, prosjektplanen må i så fall sendast sekretariatet innan 15.01.2023.

Konklusjon

Det vert invitert til val av prosjekt i dette møtet, samt drøfting knytt til formulering av føremål, definering og avgrensing av prosjekt. Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet ber Deloitte utarbeide forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve. Prosjektplanen vert å leverer sekretariatet innan 15.01.2023, slik at utvalet får handsama planen i første møte i 2023.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/327-1

Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Bømlo kommune, Kontrollutvalet	34/22	01.12.2022

Kommunaløkonomisk berekraft i Bømlo kommune

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber kommunedirektør kome i første møte i 2023 for å gjere greie for status for kommunal økonomisk berekraft i Bømlo kommune.
2. Utgreiinga kan m.a. innehalde informasjon om status på:
 1. Finansielle måltal
 2. Aktuelle regelverk
 3. Vedlikehaldsetterslepet i kroner på f.eks.:
 - a) Kommunale bygg?
 - b) Kommunale veier, inkludert tunellar og bruer?
 - c) Kommunale kaianlegg?
 - d) Annan kommunal infrastruktur som vatn og avløp
 4. Er det utarbeidd planar for korleis eventuelt vedlikehaldsetterslep skal takast inn att?
3. Kontrollutvalet ber om at notat som grunnlag for utgreiinga vert sendt sekretariatet innan 15.01.2023.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kommunedirektør skal orientere kontrollutvalet på status innanfor kommunal økonomisk berekraft (KØB) i Bømlo kommune.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I samband med Forum for Kontroll og tilsyn (FKT) sin fagkonferanse 01. – 02.06.2021, vart det m.a. fokusert på kommunal økonomisk berekraft (KØB). Det blir i den samanheng vist til kommunelova §§ 14-1 og 14-2.

Kommunelova (KL) § 14-1 omhandlar grunnleggjande krav til økonomiforvaltninga i kommunen.

Her står det:

- *Kommuner og fylkeskommuner skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevnen blir ivaretatt over tid.*
- *Kommuner og fylkeskommuner skal utarbeide samordnete og realistiske planer for egen virksomhet og økonomi og for lokalsamfunnets eller regionens utvikling.*
- *Kommuner og fylkeskommuner skal forvalte finansielle midler og gjeld på en måte som ikke innebærer vesentlig finansiell risiko, blant annet slik at betalingsforpliktelser kan innfris ved forfall.*

Det er dette som vert kalla kommunal økonomisk berekraft (KØB).

For å ivareta økonomisk berekraft over tid, har kommunen plikt til å fastsette finansielle måltal, jf. KL § 14-2:

Kommunestyret og fylkestinget skal selv vedta

- a) økonomiplanen og årsbudsjettet*
- b) årsregnskapene og årsberetningene*
- c) finansielle måltall for utviklingen av kommunens eller fylkeskommunens økonomi*
- d) regler for økonomiforvaltningen (økonomireglement)*
- e) regler for finans- og gjeldsforvaltningen (finansreglement).*

Vidare står det i kommunelova § 23-2 m.a. dette:

Kontrollutvalget skal påse at:

- a) Kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte*
- b) Det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak*

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka ved at utvalet skal sjå til at rekneskapen blir revidert på ein trygg måte og kontrollere at den økonomiske forvaltninga vert ivareteken i samsvar med gjeldande føresegner og vedtak, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

På bakgrunn av det som går fram over har kontrollutvalet etter sekretariatet si vurdering eit ansvar for å følgje opp om Bømlo kommune har tilfredsstillande kommunal økonomisk berekraft. Kontrollutvalet bør derfor utfordre kommunedirektør på å gjere greie for status på dette området i første møte i 2023.

Ei slik utgreiing kan m.a. innehalde informasjon om status på:

1. Finansielle måltal
2. Aktuelle regelverk
3. Vedlikeholdsetterslepet i kroner på f.eks.:
 - a) Kommunale bygg?
 - b) Kommunale veier, inkludert tunellar og bruer?
 - c) Kommunale kaianlegg?
 - d) Annan kommunal infrastruktur som vatn og avløp
4. Er det utarbeidd planar for korleis eventuelt vedlikeholdsetterslep skal takast inn att?

Konklusjon

Det blir tilrådd at kontrollutvalet ber kommunedirektør kome i første møte i 2023 for å gjere greie for status for kommunal økonomisk berekraft i Bømlo kommune, slik det kjem fram av saka.

Utvalet ber om at notat som grunnlag for utgreiinga vert sendt sekretariatet innan 15.01.2023.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/61-19

Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Bømlo kommune, Kontrollutvalet	35/22	01.12.2022

Deloitte presenterer interimrevisjonsrapport for 2022

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimrevisjon 2022 for Bømlo kommune frå Deloitte til orientering.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at Deloitte skal presentere resultatet av den gjennomførte interimrevisjonen i Bømlo kommune gjeldande rekneskapen for 2022.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Interimrevisjonsrapport for 2022 - Bømlo kommune

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Bømlo kommune har ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon i kommunen, jf. kommunelova § 23-2, der det m.a. står:

«Kontrollutvalget skal påse at

- a) *kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte»*

Videre har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at kommunen har ei forsvarlig revisjonsordning, jf. forskrift om kontrollutvalg § 3, der det bl.a. står:

«Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at

- a) *kommunens eller fylkeskommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte*
b) *regnskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor*
c) *regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kapittel 2 og 3.»*

